



Kva vil no skje med den forlengst ferdige KV-tomta? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kommunen har gjeve det nystarta selskapet Trygge Bustadar AS kontrakt på leige av 12 kommunale omsorgsbustader i den tidlegare ullvarefabrikken i Rosendal. Det set stopp for det planlagde nybygget til det kommuneieigde KV (tidlegare AFA) sentralt i Uskedalen, som konkurrerte med Trygge Bustadar om prosjektet.

Kontrakten har ein verdi på over 30 millionar kroner og går over 30 år.

KV-leiar Tor Vidar Sæle er skuffa over avgjerda, meiner det er gjort ei rekkje saksbehandlingsfeil og vil klaga på tildelinga innan fristen som går ut 15.juli, opplysar han til Kvinnheringen. Det står att politisk handsaming.

Leigeavtala riv bort det økonomiske fundamentet for prosjektet i Uskedalen der bustadane var ein vesentleg del av finansieringspakka. Tomta, som KV kjøpte for 3 år sidan av Endregard er forlengst gjort klar til nybygget.

Det skulle vore reist i 3 høgder og mellom anna romma utviding av vaskeriet.

Kommunen hevdar at Trygge Bustader kom best ut både på pris og plasseringstilhøve. Det skilde dryge 200 000 kroner i året.

Einar, Jostein, Kari og Marit Holsvik står bak det nye selskapet i Rosendal.